



Ein kreftkoordinator kan vere ein kontaktperson og samtalepartnar for den som er råka av kreft, og for pårørande.

Ein kreftdiagnose kan ha stor innverknad på kvardagen både for den som er råka og for den som står den sjuke nær.

Både pasient og pårørande kan få tilbod om individuell oppfølging gjennom samtalar, råd og rettleiing. Du får då hjelp av ein kreftsjukepleiar med god kompetanse og erfaring frå behandling,

TA GJERNE KONTAKT

Kreftkoordinator, kreft- og palliativ sjukepleiar
Hege Sandnes

- e-post: hege.sandnes@ulstein.kommune.no
- telefon 95 73 19 28



Du finn meir informasjon om tenesta under helse og omsorg på nettsida til kommunen. Du kan også skanne qr-koda til venstre med mobilen for å kome rett til sida.

www.ulstein.kommune.no

Framsidedfoto:
Janne-Marit
Myklebust
Andre foto:
Leif Ringstad



ULSTEIN KOMMUNE

KREFTKOORDINATOR



WWW.ULSTEIN.KOMMUNE.NO



Kreftkoordinator kan tilby rettleiing og råd i alle fasar av kreftsjukdomen.

Personar med kreftdiagnose som ikkje har heimesjukepleie eller anna form for pleie- og omsorgshjelp i kommunen kan oppleve å kjenne seg aleine og ha mange spørsmål.

Det same gjeld deira pårørnde. Barn som pårørnde er også ei sårbar gruppe som treng særskild merksemd.

VI GIR RÅD

DETTE KAN VI BIDRA MED

Ein kreftkoordinator kan bidra med

- støtte, råd og rettleiing til den som har kreft, til pårørnde og til helsepersonell
- ansvar for pakkeforløp heim for pasientar med kreft
- å koordinere og legge til rette kvardagen til kraftråka og pårørnde best mogleg
- å gi informasjon om relevante tilbod og tenester – både i og utanfor kommunen
- å gi informasjon om førebyggjande tiltak
- undervisning til skular og barnehagar
- undervisning av helsepersonell
- å sikre oppfølging av barn som pårørnde
- lindrande og palliativ omsorg
- oppretting av palliativ plan
- sorgarbeid og oppfølging av etterlatne



EIT TILBOD

Å få kreft og leve med ein kreftsjukdom kan vere vanskeleg både for den som er sjuk og for pårørnde. Kreftkoordinator er eit tilbod til deg som pasient og deg som pårørnde.

Ulstein kommune har tilsett kreftkoordinator i 50 prosents stilling.

Kreftkoordinator er eit lågterskeltilbod, og det er derfor ikkje nødvendig å søke om å få tildelt tenesta. Du kan ta direkte kontakt med kreftkoordinator.